

Vedlegg til kommunedelplan for skulebruk 2016 – 2028:

## Forskrift om skulekrinsar i Kvinnherad

Vedteken av Kvinnherad kommunestyre 17.12.2015

### Lokal forskrift om kringsgrenser i Kvinnherad kommune



**Kvinnherad kommune 2015**

# Innhald

Bakgrunn .....	3
Grunnlaget saka byggjer på.....	3
Utdanningsdirektoratet – definisjon av nærskule.....	4
Utdanningsdirektoratet om kapasitet.....	5
Rutinar for vedtak og sakshandsaming .....	6
Utkast til rettleiande forskrift om skulekrinsgrenser for grunnskulen.....	8

## Bakgrunn

Lokal forskrift om skulekrinsar vart vedteke i samband med Kommunedelplan for skulebruk 2016 – 2028 vedteken av Kvinnherad kommunestyre 17.12.2015.

Kommunedelplanen har tre alternativ for utforming av kringsrensene:

1. 0-alternativet/bygdealternativet (utan endringar i skulestrukturen)
2. Økonomialternativet
3. Pedagogikkalternativet

0-alternativet/bygdealternativet vart vedteke, og denne forskrifta syner oversiktskart med dei gjeldande kringsrensene for dette. Kommuneadministrasjonen lagrar og vedlikeheld kartfiler med kringsrensene i sosi-format og gjer dei tilgjengelege i kommunen si kartløyising på internett.

Møteboka frå *Hovudutval for skule- og oppvekst datert, 21.10.98* omhandlar ein del sentrale problemstillingar, som også er aktuelle i dag. Særleg gjeld dette kommunen sin vilje til å la foreldra bestemme kor barnet skal gå på skulen, dersom det ikkje utløyser ekstra kostnader til klassesdeling og skyss.

Lokal forskrift for Kvinnherad kommune viser kva for område i kommunen som sokner til den enkelte skule. Utgangspunkt er den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

## Grunnlaget saka byggjer på

### **Opplæringslova § 8-1.Skolen**

*Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.*

*Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.*

Lova gir kommunen høve til å fastsetje kva som skal vere det geografiske opptaksområde for kvar skule. Slik kan kommunen bestemme ei organisering av skulen som er mest muleg tenleg lokalt, samstundes som det blir føreseieleg for elevar og foreldre.

Lokal forskrift tar omsyn til at elevane skal få skuleplass ved den nærmaste skulen. Der det ikkje er tilfelle, kan det vere geografi, farleg skuleveg eller liten kapasitet som gjer det meir formålstenleg å gi elevane plass ved ein annan skule.

Merk at nærskule iflg Opplæringslova §8-1 kan vera både den skulen som ligg nærast i avstand og den skulen i krinsen som eleven soknar til.

# Utdanningsdirektoratet – definisjon av nærskule

I Ot.prp. nr. 46 (1997-98) s. 178 uttaler departementet:

«Ein grunnskoleelev skal ha rett til å gå på den nærmaste skolen. Det vil seie at arbeidet til kommunen med å fordele elevane mellom dei tilgjengelige skolane skal ta utgangspunkt i eit prinsipp om at eleven skal gå på den nærmaste skolen. Dette utgangspunktet gjeld også for elevar med spesialundervisning. Vurderinga av hva for skole som er nærmast, skal ta utgangspunkt i geografiske forhold, men skal også ta omsyn til andre relevante forhold, til dømes om sysken er plasserte på den same skolen, kapasiteten på skolane og om skolevegen er farleg.»

([http://www.udir.no/globalassets/upload/lov\\_regelverk/tolkningsuttalelser/1/narskoleprinsippet\\_skolegrenser\\_fmno.pdf](http://www.udir.no/globalassets/upload/lov_regelverk/tolkningsuttalelser/1/narskoleprinsippet_skolegrenser_fmno.pdf))

Forarbeidene gir ikke en uttømmende liste av relevante hensyn i fastsettelsen av hvilken skole som er nærmest. Andre hensyn enn de nevnte kan derfor være relevante i vurderingen. I det følgende blir det gjort rede for ulike hensyn som kan være relevante i fastsettelsen av nærskolen. Vi understreker at det uansett skal foretas en konkret helhetsvurdering knyttet til den enkelte elev.

## **Geografisk nærhet**

Geografisk nærhet kan fastsettes på grunnlag av fysisk avstand til den enkelte kommune, slik at elevene blir henvist til den skole som gir kortest vei. Men geografisk tilhørighet kan også fastsettes ut fra den enkelte skoles naturlige geografiske område ut fra topografiske og trafikale forhold, herunder hvordan hjemmene er fordelt på grenser mv., jf. NOU 1995:18 punkt 20.4.4.2. Selv om distansen vil gi en enkelt og praktisk regel, vil den ikke i alle tilfeller ivareta de hensyn som ligger bak nærskoleprinsippet.

## **Hensikten med nærskoleprinsippet**

Hensikten med nærskoleprinsippet er blant annet å gi barna anledning til å skape eller fastholde holdepunkter i nærmiljøet, jf. NOU 1995:18 punkt 20.4.4.2. Et slikt holdepunkt er skolen. Det er derfor viktig at barna har en rett til å gå på skole i det som er deres naturlige nærmiljø. Dette vil også gi en hensiktsmessig organisering lokalt og forutberegnelighet for elever og foreldre, jf. NOU 1995:18 punkt 20.4.4.2. I vurderingen av hva som er nærskolen, er det derfor relevant å ta hensyn til ikke å dele opp elever fra ett bomiljø.

## **Søsken på den samme skolen**

Endringer i opptaksområder som splitter søskenflokker, kan gi behov for å gjøre unntak fra topografiske og trafikale nærhetsprinsipp. I slike tilfeller bør kommunen ta med betydningen av å skaffe søsken plass på samme skole i den samlede vurderingen av hvilken skole en elev skal gå på, jf. NOU 1995:18 punkt 20.4.4.2.

## **Kapasiteten på skolene**

Vurderingen av nærhet må ta utgangspunkt i de skoler som til enhver tid finnes i kommunen. Lovfesting av prinsippet gir ikke i seg selv noe grunnlag for krav om bygging av nye eller utvidelse eller opprettholdelse av eksisterende skoler, jf. NOU 1995:18 punkt 20.4.4.2. For en nærmere redegjørelse av kapasitet på skolene som relevant hensyn i fastsettelsen av nærskolen, viser vi til vårt brev av 21.09.2009 til Fylkesmannen i Buskerud.

**Farlig skolevei**

Om skoleveien er farlig eller vanskelig skal blant annet vurderes ut fra skoleveiens tilstand, klima, trafikkforholdene og forhold knyttet til den enkelte elev, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) s. 175. Det må foretas en konkret vurdering knyttet til den enkelte elev. Elevens alder og modenhet kan for eksempel være avgjørende for om skoleveien er særlig farlig.

**Akseptabel reisetid**

Skoleveien skal ikke være uforsvarlig lang. Skoleskyssen skal organiseres slik at elevene får akseptabel reisetid. Særlig er det viktig for 6-åringene å organisere skyssen slik at reisetiden blir så kort som mulig. I vurderingen av akseptabel reisetid må gangtid og tid med transportmiddel ses i sammenheng, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) i merknader til § 7.1.

**Forbud mot usaklig forskjellsbehandling**

Vedtak om inntak er omfattet av forvaltningsrettslige prinsipper som innebærer et forbud mot usaklig forskjellsbehandling. Utgangspunktet er at like tilfeller skal behandles likt og at forskjellsbehandling forutsetter en saklig grunn. Gjennomføringen bør f.eks. ikke ta utgangspunkt i sosial tilhørighet. Dette ville kunne støte mot den grunnleggende tanke at skolen skal være en møteplass for alle befolkningsgrupper, jf. NOU 1995:18 punkt 20.4.4.2.

**Barnets beste**

Barnekonvensjonen er en del av norsk rett gjennom menneskerettsloven i 2003. Kommunene er derfor forpliktet til også å legge vekt på barnets beste i saker om skolekretser. Artikkel 3 nr. 1 peker på at barnets beste er et viktig hensyn i saker som gjelder barn.

Barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1 lyder:

«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

## Utdanningsdirektoratet om kapasitet

Vidare skal forskrifta bidra til ei forsvarleg utnytting av kapasiteten ved dei ulike skulane for å sikre alle elevar tilfredsstillande kvalitet i opplæringa. Av den grunn kan også kapasitet føre til skuleplass ved andre skular enn den nærmaste.

Her går det fram at førearbeida opnar for at kapasitet kan vektleggjast ved praktisering av nærskuleprinsippet, og at ei forskrift om kringsgrenser som legg vekt på kapasitet kan vera lovleg. Det blir likevel påpeika at det er avgrensa høve til å leggje vekt på kapasitet.

Utdanningsdirektoratet si vurdering er at: *“Blir det først aktuelt å legge vekt på kapasitet når det kan dokumenteres at en skole er full. Kommunen må i en evt. lovlighetskontroll av forskriften eller behandlingen av en klagesak kunne dokumentere for Fylkesmannen at skolen er full.”*

**Kva vil det seie at ein skule er full?**

Her seier Utdanningsdirektoratet: *Det at skolene skal fylles opp i forhold til sin kapasitet, innebærer imidlertid ikke at de skal være så fulle at en elev fra eller til gjør at elevtallet blir ulovlig stort, jf.*

*Opplæringsloven kap. 9-a. En skole er full i nærskoleprinsippets forstand når elevtallet har nådd en viss grense – skjønnsmessig, pedagogisk og bygningsmessig. Med et slikt maksimumstall som bakgrunn, må kommunen fordele de øvrige elevene på andre skoler på en forsvarlig måte.*

#### Klassedelingsreglar

Organiseringa av elevane i klasser er forankra i dei gamle klassedelingsreglane (ref. "Informasjons- og rettleiingshefte" utgitt av Læringscenteret i 2004, og *Opplæringslova §8-2 Organisering av elevane i klassar eller basisgrupper*).

*Følgjande makstal gjeld gjeld ikkje for klassar/grupper lengre, men det skal vera nok ressursar på skulen til å kunna ha ei sli deling.*

<i>Elevar frå eit årskull i ein klasse på ungdomstrinnet</i>	<i>30 elevar</i>
<i>Elevar frå eit årskull i ein klasse på barnetrinnet</i>	<i>28 elevar</i>
<i>To årskull i ein klasse</i>	<i>24 elevar</i>
<i>Tre årskull i ein klasse</i>	<i>18 elevar</i>
<i>Fire årskull i ein klasse</i>	<i>12 elevar</i>

## Rutinar for vedtak og sakshandsaming

Rutinane skal bidra til rask, føreseieleg og likeverdig handsaming av vedtak, klagar og søknader om skuleplass for alle elevar og familiar som er busett i Kvinnherad kommune. Informasjon, tidsfristar og nødvendige skjema skal ligga på kommunen si nettside.

Rutinar og sakshandsaming som gjeld den lokale forskrifta, gjeldande for alle barn som kjem inn under Opplæringslova §2-1 Rett og plikt til grunnskuleopplæring.

Retten til grunnskuleopplæring blir gjeldande når det er sannsynleg at barnet vil opphalde seg i Noreg i minst tre månader, medan plikta til grunnskuleopplæring blir gjeldande etter tre månader i landet.

Rutinane handlar om alle forhold som blir regulert av Opplæringslova §8-1 Skolen:

- sakshandsaming ved klager og søknad om plass ved annan skule
- tilflytta elevar på alle trinn
- endring av lokal forskrift om kringsgrenser

#### **Vedlikehald av Lokal forskrift**

Rådmannen har ansvar for nødvendige og regelmessige berekningar av elevtal, både på kort og lang sikt gjennom framskrivne prognoser. På bakgrunn av dette kan kringsgrensene bli justerte.

#### **Ansvarsfordeling**

Rådmannen har overordna ansvar for å ivareta denne rutinen.

Rådmannen fattar vedtak i søknader om å gå på skule utanfor eigen skulekrins, og handsamer alle klager i samband med dette.

### **Arkivering**

Alle søknader med vedlegg og vedtak om skuleplass blir registrert i kommunen sitt elektroniske arkiv, Ephorte. Innkomne registreringsskjema med elevopplysningar blir lagra i elevmappene. Rådmannen sender kopi av vedtak til dei aktuelle skulane.

### **Vedtak om skuleplass ved barne- og ungdomsskular**

Alle barn får skuleplass ved barne/ungdomsskular ut frå den adressa barnet er registrert med i Folkeregisteret. Foreldre med ulike adresser og delt omsorg for barnet, må vere spesielt merksame på dette.

### **Skuleplass ved annan skule enn nærskulen**

Foreldre kan klage på vedtaket om skuleplass om våren før barnet/eleven startar i 1. eller 8.klasse, og søkje seg til ein skule utanom krinsen. Dersom flyttinga ikkje fører til ekstra kostnader for kommunen korkje for skyss eller klassedeling, vil søknaden som hovudregel bli innvilga.

### **Utsett eller framskoten skulestart**

Foreldre kan søkje om utsatt skulestart.

Vedtak om framskoten skulestart blir fatta på den enkelte skule på bakgrunn av sakkunnig vurdering frå PPT, jfr Opplæringslova §2-1, 3.ledd.

Foreldre kan søkje om framskoten skulestart

Vedtak om framskoten skulestart blir fatta på den enkelte skule på bakgrunn av sakkunnig vurdering frå PPT, jfr Opplæringslova §2-1, 3.ledd, siste punktum. Lova seier at barnet må fylle 5 år innan 1.april det året det skal starte på skulen.

### **Byte av skule som følge av adresseendring**

Ved flytting internt i kommunen, men ut av skulekrinsen, pliktar heimen å gi melding til skulen, og sende inn dokumentasjon frå Folkeregisteret. Skulen sender flyttemelding til den nye skulen. Eleven kan etter søknad få halde fram på tidlegare skule, men då fell retten til skyss vekk.

### **Skulebyte som tiltak etter Opplæringslova §9-a**

Opplæringslova §9-a-1 slår fast at *alle elevar har rett på eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring*

I enkelte tilfelle kan det vere nødvendig med eit skulebyte for at elevar skal få oppfylt retten til eit godt fysisk og psykososialt miljø. Før vedtak om skulebyte blir fatta, må alle tiltak vere prøvde ut eller vurdert som lite tenlege for eleven.

Rådmannen fattar vedtak om skulebyte etter §§9a-2 og 9a-3, og er heimla i Opplæringslova §8-1, 3.ledd. I vedtaket skal det gå fram kva for tiltak som låg forut for skulebyte.

### **Skulegang ved privat skule**

Alle barn i skulepliktig alder i Kvinnherad kommune er å rekne som elevar i offentleg grunnskule. Først når den skulen barnet soknar til har fått skriftleg melding om opptak i privat skule, vil eleven bli utskriven frå den offentlege skulen

### **Skulegang i andre kommunar**

Rådmannen fattar vedtak ved søknad om skuleplass i andre kommunar. Dette kan gjerast både med og utan felles kringrensar med andre kommunar. Kostnaden for skuleplass i andre kommunar er

felles i Hordaland, og er per våren 2015 kr. 91.200 per elev per skuleår. Avtale om kostnader og ansvarsfordeling må vere underskriven før vedtak blir fatta. (Opplæringslova §8-1 Skolen)

#### **Gjesteelevar frå andre kommunar**

Rådmannen fattar vedtak ved søknad om skuleplass dersom elevar frå andre kommunar søker seg til Kvinnherad. Politisk vedtak om dekking av kostnader må vere gjort i eleven si heimekommune, og avtale underskriven av begge kommunar.

## **Rettleiande forskrift om skulekringsgrenser for grunnskulen**

### **Opplæringslova §8-1 Skolen**

*Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.*

#### **Barneskular:**

Halsnøy, Brekke, Sunde, Undarheim, Skarveland, Valen, Bringedalsbygda, Uskedalen, Omvikdalen, Malmanger, Mauranger og Trå.

#### **Ungdomsskular:**

Husnes ungdomsskule	Sunde, Undarheim, Skarveland, Valen og Bringedalsbygda
Rosendal ungdomsskule	Uskedalen, Omvikdalen, Malmanger og Mauranger
Øyatun skule	Halsnøy og Brekke

#### **Kombinererte skular:**

Hatlestrand skule	Hatlestrand og Trå
Åkra skule	Åkra

Gjetingsdalen og den delen av Ænes krins som ligg på Maurangneset høyrer til Jondal krins. Vedtak om felles kringsgrense vart vedteke våren 2015.

#### **Inntaksområde for skulane:**

Grensa er teikna inn på oversiktskart for kommunen og er å finne på heimesidene til Kvinnherad kommune. På kartet skal det vere mogleg å identifisere kva skulekrins husstanden høyrer til. Om det er tvil, ta kontakt med kommunen for nærmare informasjon.

#### **Tildeling av plass**

Husstandane i det same buområde/bygd soknar som hovudregel til den same skulekrinsen.




Ved tildeling av skuleplass skal det takast omsyn til:

- geografiske og trafikale forhold
- om eleven har søsken med skuleplass på same skulen
- om det er kapasitet på den enkelte skule

### **Klagerett**

Tildeling av skuleplass i høve Opplæringslova § 8-1, er i medhald av Forvaltningslova eit enkeltvedtak. Vedtaket kan klagast på, jf. Forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå det tidspunkt føresette/eleven har fått tildelt plass, jf. Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Ein evt. klage må vere skriftleg og grunngitt, og skal sendast til skulen. Dersom ikkje kommunen tar klagen heilt eller delvis til følgje, vil klagen med alle vedlegg bli sendt vidare til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming. Blir klagen tatt delvis til følgje, vil det bli fatta eit nytt vedtak med ny frist for klage. Fylkesmannen si avgjerd er endeleg og kan ikkje klagast på.



Figur 1: Barneskulekrinsar



Figur 2: Ungdomsskulekrinsar